

Beskrivelse av delytelse I

Delytelse: Følgjetilstandar etter alvorleg lungesjukdom/lungeoperasjonar.

| | |
|---|---|
| <p>Målgruppe/ pasientgruppe</p> | <p><i>a) Diagnosegruppe/tilstand</i> Pasientar med kronisk obstruktiv og/eller restriktive lungesjukdom inkludert KOLS/ASTMA. Vidare sequele etter sarcoidose, lungekreft, og bindevevssjukdommar. Pasienten vert henvist via primær- eller spesialisthelsetenesta. Det er òg aktuelt med kartleggings/vurderingsopphald frå primærhelsetenesta.</p> <p><i>b) Livsfase/aldersgruppe</i> Vaksne pasientar.</p> <p><i>c) Når i sykdoms-/rehabiliteringsforløpet</i> Pasienten vert henvist via primær- eller spesialisthelsetenesta. Det er òg aktuelt med kartleggings/vurderingsopphald frå primærhelsetenesta.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lunge 1 – Hovudkurs • Lunge 2 – Re-opphald • Lunge 3 – Akutt lungeopphald <p><i>d) Hjelpebehov/funksjonsnivå</i> Barthel ADL-indeks ned mot 6 i avgrensa antal i planlagt forløp.</p> |
| <p>Ytelsen leveres som</p> | <p><i>Døgn/dag</i> Døgnopphald</p> <p><i>Gruppe/individuell</i> Gruppeopphald med individuell tilnærming.</p> |
| <p>Kortfattet beskrivelse av ytelsen/tilbudet til målgruppen</p> | <p>Mål: Målet er å auke kunnskap, livskvalitet, bevisstgjeriing og meistring omkring eigen lungesjukdom fysisk, psykisk, sosialt, arbeidsdeltaking og å førebyggje sjukehusinnlegging.</p> <p>Tilbud: <i>a) Delytelsens metode og struktur</i> Tilbodet inneheld variert fysisk aktivitet på gruppe- og individnivå, med fokus på kondisjon, styrke og bevegelsesglede. Døme er trening i varmtvassbasseng, styrketrening, friluftstur, trappetrening, spinning, stoltrim med thoraxmobiliserande øvingar, pusteteknikkar, slimmobilisering, avspenning og utprøving/tilpassing av Mini-PEP.</p> <p>Undervising som lungefysiologi og -patologi, treningslære, røykekutt, inhalasjonsteknikk, symptommeistring i dagleglivet, stress, reduksjon av katastrofetankar og førebygging av</p> |

| | |
|-------------------------|---|
| | <p>dyspnèrelaterte angstanfall, søvn, energiøkonomisering, erfaringsutveksling.</p> <p>Tilbod om besøksdag og samtalegruppe med brukarrepresentant frå LHL.</p> <p><i>b) Ernæring og kosthold</i> Ernæringslære, praktisk matlaging og rettleiing i forhold til over- og undervekt.</p> <p><i>c) Resultat og brukererfaringer</i> Effektmålingar i form av spørjeskjema, samt fysiske testar. Brukerevaluering utarbeidd av Kunnskapssenteret.</p> <p><i>d) Bemanning for døgnopphold</i> Tverrfagleg team beståande av legespesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, legespesialist i indremedisin og lungesjukdomar, fysioterapeut og sjukepleiar, idrettspedag og bachelor i ernæring. Arbeidskonsulent ved behov. Muritunet har sjukepleiar på vakt 24-timar i døgnet.</p> <p><i>e) Samarbeid/samhandling med andre aktører forut for inntak, under og etter forløpet samt ambulant virksomhet:</i> Overføring og samhandling med relevante aktørar som pårørande, primærhelsetenesta, fastlege, NAV og andre i spesialisthelsetenesta. Ved behov kan ambulant oppfølging i Lunge 3 forlenge rehabiliteringsfasa etter heimkomst (oppfølging av kommunalt tiltak, funksjon, motivasjon og mål).</p> |
| Faglig fundament | <i>Institusjonens samlede kompetanse i forhold til målgruppen</i> Fagpersonalet har grunnleggjande helsepedagogisk kompetanse, som i pasientmøte kjem til uttrykk gjennom respekt, fagleg dyktigheit, god dialog og støtte. |
| Lokasjon | Muritunet AS, Grandegata 58, 6210 Valldal. www.muritunet.no Muritunet er lokalisert i Valldal på indre Sunnmøre. Frå Ålesund eller Molde (E36/E39) køyrer ein til Sjøholt, og tek av (Fv650) austover mot Valldal. Næraste flyplass er Ålesund lufthavn på Vigra. |
| Varighet | <i>Anslagsvis forventet oppholdslengde for målgruppen</i> <ul style="list-style-type: none"> • Lunge 1 – Hovudkurs 4 veker, samt 3 dagar ambulant oppfølging etter heimreise ved behov. • Lunge 2 – Re-opphald 4 veker etter behov. • Lunge 3 – Akutt lungeopphald, 2-4 veker, 14 dagar etter utskrivning frå sjukehus. |